

VESTLAND FYLKESKOMMUNE KULTUR IDRETT
OG INKLUDERING
Postboks 173
6801 FØRDE


Dato	05.06.2023
Vår referanse	2022/1963-42
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ingar Hals
E-post	Ingar.Hals@vlfk.no
Telefon	97473361

Reguleringsplan fv. 565 Alversundbrua og kulturminne id. 281670

Vi har fått oversendt ein epost frå Alver kommune, der kommunen vidaresender epost frå dykk vedrørende dette, sjå vedlegg. Internt saksnummer på høyringa i Vestland fylkeskommune er 2023/61188.

Vi beklagar at avgrensinga av dette kulturminnet har blitt feil i plankartet når eit planutkast for fv. 565 Alversundbrua no er sendt på høyring. Det er og beklageleg at denne feilen ikkje vart oppdaga når plandokumenta var til gjennomgang hos dykk i desember 2022.

Vi kan stadfeste at vi (etter høyringa, når vi har fått merknad om dette) vil vi tilrå at plankartet vil bli endra, slik at avgrensinga av kulturminnet vil bli rett, sjå skisse under.



Vi vil og rette nummerering av kulturminna slik at tilvising i føresegner blir rett.

Vi kan og stadfeste at det er greitt for oss at museet ved si handsaming har som føresetnad at det er arealet som skissert over som skal bli frigitt og seinare gravast ut. Det er Vestland fylkeskommune som er tiltakshavar og som skal dekke kostnaden ved utgraving.

Vi, eller eventuelt Alver kommune, vil varsle berørte grunneigarar om den tilrådde endringa. Av omsyn til grunneigar på eigedomen 137/14 (prøve å få til så kort anleggsperiode som mogleg) legg vi opp til at utgravingane skal gjerast nært opp til oppstart av anleggsarbeida, truleg i 2026.

Vi seier oss nøgde med at feilen kan rettast på denne måten, slik at det ikkje blir forseinkingar i handsaming av planen. Jf. eposten frå dykk til Alver kommune vil vi og tilrå at kart og føresegnar for #15 vil bli retta opp slik de har merknad om.

Med helsing

Øyvind Hauge Horge
leiar
INV - Planlegging

Ingar Hals
Sjefingeniør
INV - Planlegging

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 VS Feil i plankartet som gjeld automatisk freda kulturminne askeladden id.ID 281670 som er merka som område for føresegn #18 og #19 i plankartet.**

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG